


Nr. 4-2017, årgang 52.

KYRKJEBLADE

for Kviteseid, Vrådal, Brunkeberg, Fjågesund og Kilen.



Ikon av ikonmålar Gheorghe Murarasu frå Romania. Han arbeider hos fruktdyrkarar på Gvarv om sommaren.



Side 10: Lokal kunstnar utsmykkar Kvitsund.



Kyrkjetrappa

Kyrkjekontoret i Kviteseid
Tlf. 35 06 81 31
Kviteseidgata 13, 3850 Kviteseid



Kristen Salmelid
Kyrkjeverje
Kontor tlf. 35 06 81 31
Mobil tlf. 97 04 78 60
post@kyrkjetrappa.no



Møyfrid Lunde
Sokneprest
Kontor tlf. 35 06 81 32
Mobil tlf. 46 90 72 31
sokneprest.kviteseid@kyrkjetrappa.no



Dagfinn Køhn
Organist
Kontor tlf. 35 06 81 48
kontor.kviteseid@
kyrkjetrappa.no



Håkon Heggtveit
Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar
Mobil tlf. 91 18 37 50



Jan Haugen
Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar
Mobil tlf. 91 12 02 48
kyrkjetenar@kyrkjetrappa.no



Birgitte Nødland Danielsen
Kyrkjelydssekretær og
trusopplærar
Kontor tlf. 35 06 81 28
sekretaer@kyrkjetrappa.no



Eilev Erikstein
Prostidiakon, 3880 Dalen
Mobil tlf. 91 11 35 80
eilever@online.no

Om bladet

Ansvarleg redaktør: Møyfrid Lunde
Framsidefoto: Olav Mosdøl
Utforming: Niklas Karlsen
Trykk: Erik Tanche Nilssen AS
Bladet er trykt på resirkulera papir.

Bankgiro:

Kyrkjeblad for Kviteseid,
3850 Kviteseid
Kontonr. 2660 10 30615
Vipps 87960 Sundagens takkoffer.
Vipps 87961 Kyrkjelydsarbeidet.
Vipps 87955 Misjonsprosjektet.
Vipps 88073 Gåve til kyrkjebladet.

«Hugs på oss, nåderike Jesus»

Lærersteinen Johannes skildrar julas mysterium med desse orda:
«Det sanne lyset, som lyser for kvart menneske, kom no til verda.» Vi kallar den store hendinga i jula for inkarnasjonen, at Gud vart menneske, født som ein av oss i ein stall.

Dette er større enn tanken vår kan fatte. Kyrkjefader Tertullian seier difor om dette ufattelige som vi no skal feira: «Dette er så utruleg at det må vere sant!» Kva var det som «det sanne lyset» viste? Ordet fotografere er sett saman av dei to greske orda «lys» og «skrive». Direkte omsett tyder det «å skrive med lys». Jesus fotograferer Gud! Han teiknar eit sant bilet av korleis Gud er. Det som ikkje var mogleg tidlegare, å sjå Gud, vart no mogleg. Jesus seier om seg sjølv: «Den som har sett meg, har sett Far.»

Johannes skriv difor i evangeliet sitt og breva sine om det han har sett og høyrt. Han såg korleis Jesus møtte menneske på ein respektfull måte. Korleis han førte dei som var utanfor fellesskapen, inn i fellesskapen. Dei som kom med skuld, vart tilgjevne og sette fri. Dei som mangla håp, fekk håpet tilbake. Dei som mangla meiningsgivning, gav han meiningsgivning i livet. Dette kunne dei sjå med eigne augo. Dei såg at Guds namn er miskunn.

Ei kvinne vart ein gong spurd: «Kva var det som kjenneteikna Jesus?». Ho svarte: «Han snudde aldri andletet sitt bort frå noko menneske.»

Julebodskapen gjev oss bilet av Gud, men seier òg noko meir. I Mozarts Requiem syng koret: «Hugs, nåderike Jesus, at eg er årsaka til reisa di». Det var altså menneska si frelse som var grunnen til at Han som i opphavet var hos Gud, la ut på reisa ned til oss her på jorda! Difor seier engelen til hyrdingane på Betlehemsmarkene: «I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren.» Jesus kom ikkje berre for å gje oss eit bilet av Gud. Han kom for å frelse.

Dette året har vi markert at det er fem hundre år sidan reformasjonen starta. Eit av kjerneordna frå reformasjonen er «trua åleine». Det er ved trua på Jesus at Gud tilbyr oss frelsa si. Ikkje ved vår eigen innsats. Og Jesus oppfordrar oss til å respondere på at han kom til jorda. Sagt med Johannes sin versjon av juleevangeliet:

*Men alle som tok imot han,
dei gav han rett til å bli Guds born,
dei som trur på namnet hans.*

Med ynskje om ei velsigna julehøgtid!
Stein Reinertsen,
biskop i Agder og Telemark



Glimt frå arbeidet

Yngres i Vrådal

Yngres er ein triveleg møtestad for born og ungdom som bur i Vrådal. Annankvar tysdag i vinterhalvåret er det ope for alle i 5.-10.klasse på bedehuset i bygda. Her er nokre glimt frå ein yngreskveld då presten var på besøk for å halde andakt. Etter den faste opningssongen og andakt, var det mange kjekke spel å spele.

Bordtennisturneringa samla både jenter og gutter. Og så var det tid for mat – denne gongen var det hamburgarar som fell i smak. Håkon Birkedal fortel at det er 30 år sidan dei starta Yngres no. Dei andre trufaste leiarane er Astrid og Jan Gunnar Breivik. Mange av kveldane er dei også heldige å ha med seg elevar frå Kvitsund som gode hjelparar.

Musikk som samlar

Jan Haugen og Sindre Løvik deltok med Johnny Cash-songar i nynorsk språkdrakt på gudstenesta i Vrådal 12. november. Same kveld fekk 240 tilhøyrarar med seg konserten i Kviteseid kyrkje der desse to saman med fleire musikalske vener framførte perler frå arkivet med noko for ein kvar smak.





Bildet viser Liv saman med hennar nærmeste medarbeidrarar: Deb Bahadu Magar og Shrijana KC.

Julehelsing frå Liv Wendel i Nepal

Kjære Kyrkja i Kviteseid,
Ønsker dere en velsigna god jul!
Tusen takk for at dere er med og
støtter arbeidet her i Nepal- det
betyr så mye for meg og oss!

Varm hilsen fra Liv

*Deler en salme herfra med dere
(oversatt etter beste evne):*
Se, se på naturens skjønnhet,
Naturen forteller om Guds storhet,
Rike og fattige,
Kan sammen si “Takk Gud”

Rismarker, korn og avlinger,

Skyer, regn og vind,
Fuglene flyr, høyt opp mot
himmelen,
Når himmelen i mitt hjerte

Mange språk og ulike skapninger,
De lyse dagene og så nettene,
Tallløse etniske grupper og
tradisjoner,
Med undring er hjertet mitt fylt
La oss synge Guds pris
Med hele mitt hjerte – lovsynge

Alle ulikhetene mellom folk
Vaskes bort i Hans nærvær.



MIN ENGEL

Min engel kom ned frå himlen
med natta sitt myke slør
og hengde si ljose kappe
så stille ved svevnens dør.

Når himmelen kysser jorda
blir fjella kvite av snø
og mørkret blir fylt av tonar
som spelar bort sorg og død.

Mjukt rører då vengen
mitt hjarta
på vegen mot Betlehem.

Min engel strauk trøytte panne
og gøynde mi tunge sorg
i kappa si kvite lomme
på veg over livsens torg.

Når himmelen plantar stjerner
i einsemdas djupe kav
då syner min engel barnet
som kjem over land og hav.

Mjukt rører då vengen
mitt hjarta
på vegen mot Betlehem.

Olav Mosdøl

MIN ENGEL

Tekst: Olav Mosdal

Musikk: Hege H. Bålsrud

D^b G^m C^m F^mB^b C^m F⁷ B^b D^m/A G^m

Min engel kom ned frå him - len med nat-ta sitt mju-ke stor — og hengde si ljose
Min engelstrukturkrysste pan - ne og goymde min tun - ge soeg — i kap-pa si kvite

C^m C^m C^m C^mB^b D G^m C^m G^m

kap - pe så still - le ved svev - nens dar. Når him-me-len kys - ser jor - da blir
lom - me på veg o - ver liv - sens torg. Når him-me-len plan - tar stjer - ner i

F^m B^m F^m E^m G^b G^m B^m F E^bm⁷

fjel - la kvite av sne — og mark-ret blir fylt av to - nar som spe - lar bort song og
ein-sendas dju - pe kav — då sy - ner min en-gel bor - net som kjem o - ver land og

F B^m F^m B^m A^b E^bm E^bm

dod. Mjukt re-rer då ven - gen mitt hjar - ta på ve-gen mot Bet - le-hav.

F E^bm B^m E^bm B^m/F F⁷ F#B^b B^m

hem. Mjukt re-rer då ven - gen mitt hjar - ta på ve-gen mot Bet - lehem.



«Det er eit hyggeleg miljø på kontoret»

Birgitte Nødland Danielsen (29) er i 30% stilling som sekretær og trusopplæringsarbeidar i Kviteseid kyrkjelyd, som omfattar heile kommunen. At samarbeidet er godt i staben, er fint for dei som arbeider saman, men også for alle oss andre som hører til i kyrkja. Det skaper glede og trivsel.

Birgitte er dotter av Reidun og Kurt Nødland, og er den yngste av fire sysken. Ho hadde sine fire første år i Kviteseid, men då flytta familien til Peru, der foreldra vart lærarar på den norske skulen. «Eg hugsar ikkje mykje frå tida før vi flytta», seier Birgitte,

«og ikkje noko frå reisa heller. Men eg hugsar at vi sto utanfor heimen vår og Maria var lei seg for at vi skulle reise. Ho er 8 år eldre enn meg, så ho hadde slått sterke røter og hadde fleire vene å reise frå. Men alle var glad for dei fire åra vi hadde i Peru.»

Birgitte gjekk på den norske skulen frå ho var seks år. «Eg fekk norske vene på skulen, men vart også kjend med peruanarar. Kvar sundag gjekk vi i ei kyrkje som heitte Santa Cruz de Lara. Der hjalp også mamma og pappa til med praktisk arbeid og omsorg for menneske.»

Har du vore tilbake til Peru nokon gong?

«Nei, eg har ikkje det, og no er det vanskeleg å få til, men eg har lyst til å sjå landet att ein gong.»

«Eg kom til Kviteseid skule i 3. klasse. Det var fint å få Elise Mosdøl som lærar, og eg fekk mange gode vener. Eg hadde det godt, både i barneskulen og på ungdomsskulen.» På fritida var Birgitte med i skulelaget, ungdomsarbeidet på Misjonshuset og fredags-samlingane på Fredheim, og ho song i Unge røyster. «Maria var ungdomsarbeidar her på den tida, og det hadde mykje å seie for meg», legg ho til.

Familien Nølland budde like ved Kvitsund, og det var naturleg for Birgitte å ta vidaregåande skule der. «Eg budde heime, men sidan eg hadde så kort veg, kunne eg ta del i internatlivet også. Det var tre kjempefine år. Etter Kvitsund hadde eg behov for å kople av frå lekser og skullearbeid, så eg tok eit år på Bibelskulen i Grimstad.» På skulen i Grimstad møtte ho Anders Danielsen frå Oslo. Han var bilmekanikar, men ville gjere noko anna eit år. Så vart det sot musikk, og dei vart kjærastar.

Frå Sørlandet gjekk ferda til hovudstaden. «Eg byrja på sjukepleie, for eg tenkte det var bra, men etter eit år fann eg ut at det ikkje passa for meg.» Då vart Birgitte og ei venninne «eittåringar» i Ryenberget kyrkjelyd. «Vi fekk vere med i ungdomsklubb og konfirmantarbeid, skuletimar og eldretreff. Det var spennande og lærerikt.» Så gifte Birgitte og Anders seg. Dei vart vaktmeisterpar i Oslo misjonskirke Betlehem, og ho jobba

m.a. i SFO. Så tok ho ein Bachelorgrad i teologi og leiing ved høgskulen i Staffeldtsgate. Anders tok utdanning i informasjonsteknologi.

Dei fekk Johanna i 2013, og i 2016 skulle Mathea bli fødd. Dei hadde lyst til å flytte til Kviteseid, m.a. fordi det hadde kome mange unge familiar hit, men Anders jobba som app-utviklar i eit firma i Oslo og hadde ein spennande jobb der. Så fekk han høve til å arbeide frå Kviteseid. Då det også ordna seg fint med hus, flytte dei inn, åtte dagar før Mathea vart fødd. «Vi tenkte det var betre å bu i kaos ei tid enn å flytte med to born.» I Kviteseid trivst dei veldig godt, Oslo-mannen Anders også. Han driv aktivt med frisbeegolf på fritida. Der gjeld det å kaste den runde skiva så ho treff dei oppsette måla.

Det la seg til rette med jobb for Birgitte òg. «Eg er kjempeheldig», seier ho. Halvdelen av jobben er sekretær oppgåver og den andre delen er trusopplæring. Her er Birgitte med i konfirmantundervisninga, og ho arbeider med Tårnagenthelg, Lys vaken der 10-11-åringar overnattar i kyrkja, fireårsbok, adventskalender til femåringane m.m., etter trusopplæringsplanen som kyrkjelyden har vedteke. «Det er viktig at borna blir kjent med Jesus og at dei får med seg noko godt. Eg likar å arbeide med born, og oppgåvene er passe utfordrande, så eg gruar aldri til å gå på jobb. Eg har eit kjempefint samarbeid med Møyfrid og lærer mykje av henne, og så er det eit hyggeleg miljø på kontoret.» ØAJ



Gunnar Torvund er fornøgd med installasjonen i Kapellet. Motivkretsen skal spela saman med den fine naturen ute.

Kvitsund har fått sitt «Kapell»

Av Olav Mosdøl

I 1954 selde folkehøgskulemannen Jakob Naadland skulen på Utsund gard til Norsk Lutherisk Misjonssamband (NLM), og staden fekk namnet Kvitsund. Hausten 1956 blei det begynt med ein to-årig realskule der. Første elevkullet gjekk ut våren 1958; dvs. det er snart 60 år sidan. Den linedelte ungdomsskulen slutta på Kvitsund, og gymnaset starta i 1974. Sidan har utviklinga gått sin gang med innatak av om lag 60 elevar kvart år. Kvitsund Gymnas har vore i positiv utvikling heile tida både med

omsyn til bygningar, kunnskap og miljø. Vi har kontakta rektor Magnus Kvalbein for å høre litt om den vidaregåande skulen i dag.

- Kva har vore særpreg for hausten 2017?

- Vi har hatt ein god oppstart dette skuleåret. Personalet er i full aktivitet, og elevane i 2. og 3. klasse har vore fint vertskap for dei nye. Elles må eg nemne at det er spennande å ha fått starte opp med friluftsliv som programfag. Samtidig kan vi føre vidare satsinga på entreprenørskap og bedriftsutvikling. Russekullet er stort dette året med 67 elevar; noko som er

med å halde elevtalet oppe på 179.

- *Kva nytte har skulen av det nye Tunhuset?*

- Det er andre året vi har heile bygget i bruk. Det er eit romsleg og godt bygg som rommar 24 internatplassar, kapell og gjestefløy. I tillegg kjem den gode matsalen og kjøkkenet i kjellaretasjen. Tunhuset har gjort at vi kan ta ut elevar frå internatet, som var i undervisningsbygget, og nytte desse romma til kontor for lærarane.

- *De har fått eit kapell-rom i Tunhuset. Kva er ønskjemål og bruk av «Kapellet»?*

- Kapellet er eit rom i toppetasjen med fint utsyn over Sundkilen. Vi nyttar rommet til bøn og stille stunder, anten vi er åleine eller i grupper. Reidun Nødland, som er vår diakon, samlar elevar og gjester der kvar torsdag. Samlinga kallar vi «stillerommet», der det er tidebøn, tekstlesing og moglegheit for forbøn. Det er eit flott rom å vere i, med Gunnar Torvund sin kunst på veggen og med den strålande utsynet når det er lyst ute.

I samband med denne omtalen i Kyrkjebladet har vi tatt ein tur opp i «Kapellet» saman med Magnus Kvalbein og Gunnar Torvund. Medan vi talar om bakgrunnen for kunstsamarbeidet og idégrunnlag, kjem vi inn på måleriet «Sundagsskulen», som har plass i rommet. Det er laga av Berit Marie Friestad og har vore med på Statens Høstutstilling i Oslo. Det



Foto: Olav Mosdøl

Ingeborg Haugan frå Brunkeberg helsar på Magnus Kvalbein framfor nye Tunhuset. Ho er 60-årsjubilant våren 2018.

viser ein aktuell bibelsk situasjon om den miskunnsame samaritanen. Torvund nemner at han blei inspirert av Friestads tema og arbeidsmåte då han gjekk i gang med arbeidet sitt. Installasjonen kom på plass i september. Temaet er «Den store boka» og viser 8 bibelske motiv: frå Noahs ark til Jesu dåp og pinsedag. Dei fargeglade motiva er to-sidige, lagt inn i pleksiglas og hengsla på veggen.

Rektor Kvalbein er glad for at lokale kunstnarar har vore med på å skape ein unik atmosfære i «Kapellet». Han seier at elevane og tilsette er godt nøgde med installasjonen. «Men det er klart at det er eit verk som er litt krevjande. Det er bra, for då står det like lenge som bygget,» sluttar han.



BARNAS SIDE

Fargelegg!

—Jesus vart fødd i ein
stall i Betlehem.



- Ein mann
søkte jobb på sirkus.
– Kva er det du kan, då?
spurde sirkusdirektøren.
– Eg kan etterlikne fuglar?
– Det kan jo alle, vi har
ikkje bruk for deg!
– Nei vell! sa mannen
og flaug sin veg.

Vitsar

Du veit du er blitt
vaksen når du har
slutta å vekse i begge
endar, og berre veks
på midten.

Finn 5 feil

Tekningar: Trevor Keen

Engelen fortalte gjetarane at frelsaren var fødd.
Finn du dei fem feila på biletet til høgre?



Finn 8 namn frå juleforteljinga!

Åtte personar og stader frå juleforteljinga er gøynde
inni rutenettet under. Namna står bortover og nedover.

S	N	E	K	G	O	P	E
J	E	J	S	A	P	R	I
O	M	O	L	B	H	U	V
N	A	S	A	R	E	T	I
S	R	E	U	I	R	E	N
O	I	F	G	E	O	S	K
K	A	F	U	L	D	N	E
J	U	L	S	I	E	U	L
O	L	E	T	Y	S	T	C
J	E	S	U	S	C	E	O
A	B	I	S	A	L	R	M
B	E	T	L	E	H	E	M

Vi anbefalar
barnebladet BARNAS!

Denne sida
er henta
frå bladet.



Bestill
abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00

Frå kyrkjeverja

Ny nettside

Kviteseid sokn, kyrkja i Kviteseid har fått eiga nettside. Den finn du ved å søke opp kviteseid.sokn.no. Her finn du mellom anna oversikt over gudstenester og andre arrangement, referat frå sokneråd, link til inn- eller utmelding av Kyrkja, mykje informasjon om trusopplæring, kontaktinformasjon og mykje meir. Meir kjem etter kvart som vi på kontoret får tid til å gjera det. Skjema på nett for påmelding til dåp, vigsle, konfirmasjon og arrangement er på veg.

Betalig for tenester

Kviteseid sokneråd er glad for å kunne tena innbyggjarane i Kviteseid på mange vis. Det er med alt frå dåp, trusopplæring, gudstenester, konfirmasjon, vigsler og gravferder, for å nemne noko.

Alle kyrkjer finansierast hovudsakleg av våre skattepengar, via stat og kommune. Kvar kommune gjer tilskot til kyrkja. Det som er til kyrkjegardar gjeld alle innbyggjarane busette i kommunen.

Gravferdstenester utanfor kyrkja gjer kyrkja på vegne av kommunen, og er kostnadsfri for alle som var busette i Kviteseid. Var avdøde busett i annan kommune, vil det i nokre høve bli kravd betaling for

arbeidet med gravferda, og det vil bli kravd festeavgift frå fyrste år.

Det som skjer innanfor kyrkja sine veggjar, gjeld trudomssamfunnet Den norske kyrkja. For handlingar som gravferdsseremoni og vigsel i kyrkja for dei som ikkje er medlemmer, vil det frå nå bli fakturert for leige av kyrkja og for eventuelt bruk av organist. Etter vedtak i Kviteseid sokneråd, stadfesta av biskopen i Agder og Telemark.

Vern av gravplassar

Kyrkjegarden rundt Kviteseid gamle kyrkje er totalfreda ved lov. Unntak frå lova er gjeve for graver som har vore i bruk etter siste verdskrig. Graver nyare enn 20 år kan nyttast til urner. Sterk tilknyting til staden vil ikkje vera gyldig grunn til å gå utanom lova.

Den eldste delen av kyrkjegarden ved Kviteseid kyrkje, innanfor steingjerdet på oppsida av Dalanvegen, skal etter vedtak i soknerådet 30. august, gradvis fasast ut. Årsaka er det bratte terrenget og vanskar med å koma til med graveutstyr, spesielt på vinteren. Omsynet til dei tilsette si tryggleik veg tyngst.

Allereie festa graver til enker / enkemenn vil kunne nyttast, så langt det er mogleg. Bisetting og urnenedsetting etter vinteren kan då verte løysinga.



Døypte

Kviteseid: Adelen Bakken
Stensrud.
Eline Haugen
Skogheim.

Vigde

Vrådal: Ida Fillingsnes og
Mikkel Marker.

Gravlagde

Kviteseid: Anne Gerd
Magnushommen.
Sverre Bjørn Sørensen.
Karl Staaland.

Brunkeberg: Gunda Berge.

Meir himmel på jorda



Gullkonfirmantar

15. oktober var det samla ein staseleg flokk som hadde vore konfirmantar i 1966 og 1967. Den gong var det mange ulike skulekrinsar, og undervisninga gjekk føre seg på ulike plassar i skuletida. 50-årsmarkeringa starta med gudsteneste i Kviteseid for alle. Etterpå vart det feiring med middag, kaffe, helsingar og god drøs rundt borda på Misjonshuset.

Oppslagstavl

Ønskjer du skyss til gudsteneste?

Ring kyrkjeverje Kristen Salmelid på tlf. 35 06 81 31 eller Kirsti Skjæveland, tlf. 412 64 364.

Førmiddagstrekk på Misjonshuset

24. januar kl. 11.00
28. februar kl. 11.00
21. mars kl. 11.00

Vrådal Normisjon våren 2018 JANUAR

Torsdag 18. kl.18,30 Kveldsmat og sundagens tekst

FEBRUAR

Sundag 4. kl.16 Songsamling
Torsdag 15. kl.18,30 Kveldsmat og sundagens tekst
Laurdag 24. Kakebasar ved butikken.

MARS

Torsdag 8. kl.18,30 Kveldsmat og sundagens tekst
Sundag 25. kl.16 Songsamling

Felles familiemøte

Søndag 21. januar kl. 16.00 er alle velkommen til felles familiemøte på Misjonshuset. Barnegospel og Unge røyster syng. Møyfrid Lunde talar.

Misionshuset i Kviteseid:

09.01. kl. 19.30 Tysdagsmøte – Ragnar Nørstrud
14.01. kl. 11.00 0-100-samling
16.01. kl. 19.30 Tysdagsmøte – Ole Andre Eliassen
21.01. kl. 16.00 Felles familiemøte Møyfrid Lunde
23.01. kl. 19.30 Tysdagsmøte – Nils Jørgen Hardang
28.01. kl. 11.00 0-100-samling
30.01. kl. 19.30 Tysdagsmøte – Knut B. Skyttemyr
11.02. kl. 11.00 0-100-samling
13.02. kl. 19.00 Årsmøte – Svein
25.02. kl. 11.00 0-100- samling
27.02. kl. 19.30 Tysdagsmøte - Kjell Johan Nenseter
06.03. kl. 19.30 Tysdagsmøte – Jens Iver Jensen
13.03. kl. 19.30 Tysdagsmøte – Morten Kravik
20.03. kl. 19.30 Tysdagsmøte – Øyvind Jørgensen
25.03. kl. 11.00 0-100- samling

Trusopplæring i heimen

Fireåringane fekk utdelt 4-årsboka på familiegudstenesta i september. Me vil gjerne dele ut boka til alle fireåringar som ikkje kunne kome. Kom gjerne innom på kyrkjekontoret viss de ikkje har fått boka enda.

Gudstenester

DESEMBER

- Sun. 24. 4. s. i advent/Jolaftan Luk 2,1-20**
Fjågesund kl. 12.45 Gudsteneste. Møyfrid Lunde.
Ofr. Rachel Trovis arbeid
Vrådal kl. 14.30. Gudsteneste. Møyfrid
Lunde. Ofr. Kirkens Nødhjelp
Brunkeberg kl. 15.00 Gudsteneste. Kristian
Espeland. Ofr. Kirkens Nødhjelp
Kviteseid kl. 16.15 Gudsteneste. Møyfrid Lunde.
Ofr. Kirkens Nødhjelp

- Mån. 25. Juledag Joh 1,1-14**
Kviteseid kl. 11.00 Gudsteneste. Møyfrid Lunde.
Nattverd. Kyrkjekoret. Ofr. Det
Norske Misjonsselskap
Vrådal kl.13.30 Gudsteneste. Møyfrid Lunde.
Nattverd. Ofr. Det Norske
Misjonsselskap

JANUAR

- Sun. 7. Kristi openberringsdag Luk 2,40 - 52**
Kviteseid kl. 11.00 Gudsteneste. Diakoniens
dag. Liturg Møyfrid Lunde.
Prostidiakon Eilev Erikstein talar.
Dåp. Nattverd. Sundagsskule.
- Sun. 14. 2. sundag i openberringstida
Mark 1,3-11**
Brunkeberg kl. 11.00 Gudsteneste. Møyfrid Lunde.
Nattverd. Kyrkjekoret deltek.
- Sun. 21. 3. sundag i openberringstida
Joh 4,4-26**
Vrådal kl. 11.00 Gudsteneste. Møyfrid Lunde.

Returadresse:
**Kyrkjekontoret
Kviteseidgata 13
3850 Kviteseid**

FEBRUAR

- Sun. 4. Kristi forklæringsdag
Mark 9,2-13**
Kviteseid kl. 11.00 Familiegudsteneste. Møyfrid
Lunde. Barnegospel syng.
- Sun. 11. Fastelavenssundag Joh 12,20-33**
Fjågesund kl. 11.00 Gudsteneste. Møyfrid Lunde.
Nattverd.
- Sun. 25. 2. sundag i fastetida Luk 7,36-50**
Vrådal kl. 11.00 Gudsteneste. Møyfrid Lunde.
Nattverd. Kyrkjekoret deltek.

MARS

- Sun. 4. 3. sundag i fastetida Mark 9,17-29**
Kviteseid kl. 11.00 Gudsteneste. Møyfrid Lunde.
Sundagsskule.
- Ons. 7.**
Kviteseid kl. 19.00 Taizè-gudsteneste.
Kyrkekoret deltek.
- Sun. 11. 4. sundag i fastetida Joh 3,11-16**
Brunkeberg kl. 11.00 Familiegudsteneste. Møyfrid
Lunde. Unge røyster syng.
- Sun. 18. Maria bodskapsdag Luk 1,46-55**
Kviteseid kl. 11. Gudsteneste. Møyfrid Lunde.
Nattverd. Sundagsskule.
- Tor. 29. Skjærtorsdag Luk 22,14-23**
Vrådal kl. 18. Gudsteneste. Møyfrid Lunde.
Nattverd.
- Fre. 30. Langfredag Joh 18,1-19,42**
Brunkeberg kl. 11. Gudsteneste. Møyfrid Lunde.